

Innlegg etter revisjon og pumpekraft-befaring i Røldal

Vi som bur i Røldal lever midt i ei sak som oppleves som både brutal og uverdig. Befaringa synte tydeleg kva som står på spel: naturen vår, tryggleiken vår, framtida til borna våre – og tilliten mellom lokalsamfunn, regulantar og myndigheit.

1. Maktubalanse og utrygg prosess

Allereie på parkeringsplassen ved grendahuset sank alvoret inn. Rader av bilar frå Lyse, Hydro, Statsforvaltaren, Fylkesmenn og NVE.

Knallgule jakker samla seg ved inngangen. For meg, eit visuelt bilete på makt.

For oss som kjem som privatpersonar og små aktørar, er det overveldande å møte dette. Vi famlar etter kjende fjes, vi leiter etter stemmer som kan stå opp for oss. Befaringa skulle vere vår moglegheit til å bli høyrte. Lyse og Hydro får langt fleire sjansar – dei har korridorane i Oslo, dei har konsulentar og advokatar.

Det er ikkje lik balanse i ein slik prosess.

2. Stemmer frå bygda

Trass i frykt og press tok fleire av oss ordet:

- **Drikkevatn:** Eg reiste bekymringa for drikkevatnet i Røldal.
- **Frostrøyk og levekår:** Jan, som bur i frostrøyken. Ein mann som ser framtida si bli svekka av eit problem skapt av utbygginga.
- **Splid og almisser:** Nils Petter peikte på korleis Lyse sine almisser skaper splid i bygda. Fellesskapet blir undergravd.
- **Natur og rettferd:** Oddbjørn minte oss om det enkle, men grunnleggande: vi må ta vare på naturen. Han fekk også fram avsteminga i Røldal: Kor 105 stemmer talte i mot utbygginga og 36 for.
- **Rettshjelp og planverk:** Helleik bad om rettshjelp. Han understreka behovet for arealplan – noko kommunen ikkje kan trylle fram berre fordi Lyse har ein søknad.
- **Manglar i søknaden:** Olav påpeikte kor mykje som er uavklart, og at fleire alternativ burde vore på bordet før ein kan vurdere eit så stort prosjekt. Eit godt eksempel er demoniet som kan kome på toppen av erosjonssone på 17meter i eit vatn som ligg MIDT i bygda.
- **Overveldande dokument:** Øystein sa det klart: han druknar i dokument, og kan ikkje følge både revisjon og pumpekraft samtidig. Han bad oss reflektere over kva *samfunnsnytte* egentleg betyr.
- **Utrygg ferdsel:** Sondof synte bilete av farlege vegar og peikte heldigvis på behov for minstevassføring.

- **Rein og økosystem:** Reinforkjemparane minte oss om kor umogleg det er for dyra å tilpasse seg. Med eit skråblikk frå bygdefolk og kommentaren: «Reinen treng trafikalt grunnkurs, om forslaga skal stå ved lag».
- **Friluftsliv og kultur:** Ordføraren gav eit bilde på vegen øve Haukeli, som styrka reinsdyr-argumentet ytterlegare. DNT var klare: dette rører ved innfallsporten til Hardangervidda. Ein innfallsport som i framtida vil bli endå viktigare for natur og friluftsliv.

Likevel vart mykje usagt.

Leiaren for Røldal bygdelaget var der – dei har hatt både avstemning og kome med fleire høringsuttaelsar.

Leiaren for Røldal Rødekors var der – kor sårbart det er når isen ikkje er trygg og ein ikkje kjem seg inn for å gje hjelp.

Leiaren for Røldal Fjellstyre var der – Fisk. Framkommelighet til Røldal statsallmenning.

3. Uverdigg behandling av grunneigarar

Eit sterkt bilete frå befaringa: ved demninga på Votna måtte ein barndomsven og klassekamerat igjennom 10 år – ein hardtarbeidande stillferdig bonde – stille med advokat for å bli høyrte. Kjetil er grunneigaren som blir svært sterkt berørt av fyllingane på Votna. Likevel viser Lyse liten vilje til å møte han med respekt eller finne kompenserande løysingar.

At ein bonde må stille med advokat i møte med ein gigant, er eit teikn på maktmisbruk. Dette er ikkje eit godt utgangspunkt for saka og dessverre veldig typisk slik Lyse / Hydro opptre. Dette gjorde meg skikkelig opprørt.

4. Valdalen – eit livsgrunnlag

I Valdalen, der mange av oss har hjarta våre, vart uretten like tydeleg.

- Øystein peikte på at vi ikkje ønskjer hytter. Men Hydro har gjort næringseigedomar om til fritidsbustadar, utan omsyn til lokalsamfunnet.
- Olav snakka om farlege båtruter og ras vinterstid.
- Åse etterlyste trygg og god tilkomst året rundt. Ho beskriv tydelig korleis alternativa for isen er over ein bratt nut og ned att eit elvasøkk på ski eller skuter.
- Tokheim kalla “samarbeidet” til Hydro/Lyse rett ut for: “dårleg folkeskikk.”

Vi såg også korleis Lyse grusa ein veg dagen før befaringa (avstikkaren ned til Åsen) – ein veg grunneigar har etterlyst samarbeid om i 60 år. Først når Lyse sjølv treng han, skjer det noko. Det er ikkje samarbeid. Det er eigeninteresse.

For meg var befaringa informativ. Men heile befaringa var mest av alt ei sterk påminning om at ALLE som er berørt av Hydro/Lyse føler seg uverdigg behandla. Alle

berørte kjenner på avmakt. Mistillit. Liten verdi. Ikkje høyrte. Ikkje eksisterande vilje hjå regulanten.

5. Almisser er ikkje samfunnsansvar

Lyse og Hydro peikar på økonomiske bidrag: 200 000 kroner til bygdelaget, 15 millionar til veg. Dette blir trekt fram som bevis på dialog og samfunnsansvar. For meg er dei 15 millionane symbol på ansvarsfråskrivelse. Spesielt med tanke på vintervegen som Lyse sjølve sit på dei beste kunnskapane om, ang. ferdsel, trygg is, tapping, osv. Og dei har trass alt damvoktar for ein grunn.

For oss framstår det som almisser. Småpengar i forhold til milliardoverskot. Og det skaper uverdig situasjon:

- Logoen til Lyse som prydar ulike arrangement i bygda.
- I juni 2021 delte Lyse ut 500 000kr i kyrkja til eit kulturarrangement i Røldal. I ei kyrkje der tru og håp høyrer heime. Ikkje almisser og lureri. I eit bygd kor Lyse tidlegare ikkje har vist interesse – rett før selskapsfinta vart godkjent.
- Lokalsamfunnet må takke i aviser og på Facebook for pengar frå dei same aktørane som har teke naturverdiane våre.
- Tilskota er ikkje forutsigbare – vi må søke kvart år, utan tryggleik og er anbefalt av kraftverksleiaren å ikkje nemne naturøydelegging eller neddemming i søknaden, om ein ynskjer støtte.

Dette er ikkje samfunnsansvar. Det er PR.

Det har ingenting med reparasjon av naturen å gjere eller avbøtande tiltak.

Det lever ikkje opp til Honingsvåg sine gjentakande uttalelser i kvar ein reportasje: *Vi i Lyse Kraft ser frem til å stifte bekjentskap med nye vertskommuner, lokalsamfunnene i Røldal og Suldal med et mål om å bygge gode relasjoner og finne gode løsninger (Bjørn Honningsvåg 19.01.2021). Eller: For oss har det vært viktig å imøtekomme lokale ønsker. Vi ønsker å ha en god dialog med lokalsamfunnene....*

6. Prisen bygda betaler

Denne saka har allereie sett djupe spor i bygda:

- **Barn og ungdom:** Eg og no likt min eigen son har levd heile barndommen med usikker is, rasfare og avlyste feriar. Han har sete på skutersleden etter diskusjonar om isen er trygg. Han har sete på sleden når ein må gje full gass for å pløye seg igjennom overvatn som sprutar. Som liten kan det vera vanskelig å forstå at det kan vera ein trygg is under overvatnet. Eg har stilt meg sjølv spørsmålet, om det er trygt å ha han med når overvatnet kan rekke meg til låret? Han har vore med på møter og demonstrasjonar. Han har opplevd sosialt press fordi foreldra anten jobbar for eller

mot utbygginga. Han må gå med logoen til Lyse på drakta si. Uretten fortsett i generasjonar.

- **Familiar:** Foreldre må bruke fritid på høyringsinnspel og befaringar, uverdige møter med Lyse kor det uansett er lite varig endring, så lenge det ikkje gjeld PR og strøssel av sponsormidler.
- **Skule og fellesskap:** I klassen til son min er dei sju born. To av foreldra jobbar for Hydro/Lyse. Eitt barn har fått vatn i kjellaren på grunn av vanntandreguleringa. Sonen min er alt nevnt som berørt. Temaet er så tungt at læraren kjem ikkje/kan ikkje nevne utbygginga på skulen, sjølv når NRK lagar reportasje om “den største utbygginga på 40 år» og bygda er hovudpersonen i denne samfunnssaka.

Dette er prisen vi betaler – før prosjektet i det heile er realisert.

7. Isen – er alle kome trygt heim?

I generasjonar har isen på Valdalsvatnet vore ein del av livet. Før ringte folk kvarandre frå fasttelefon for å høyre om isen bar. I dag går samtalane i messenger-grupper. Kvar dag den same uroa: er alle trygt framme? Kan vi krysse i morgon?

Den isen er ikkje berre vatn og kulde. Den er ein del av kvardagen, tryggleiken og kulturen vår. Og no står han i fare for å bli endå meir utrygg.

8. Natur og framtid

Vi lever ikkje lenger i 1965. Ein revisjonssak må ta inn over seg ny kunnskap, føre-var-prinsippet, og FN sine mål om 30 % restaurering av natur.

Eg spurte Honingsvåg etter befaringa om han kunne seie 3 ting som ville bli betre i Valdalen etter revisjonen. Han kunne KUN peike på dei 15 millionane som skal gå til veg. Når prosjektleiinga ikkje kan peike på éin einaste ting som faktisk blir betraktelig betre i Valdalen, seier det alt om haldninga deira. Naturen og framtida vår blir ofra for økonomisk vinning. Dette er så langt i frå kva ein kan forvente etter ei enorm utbygging for 60 år sidan.

9. Vårt krav

Eg meiner dette prosjektet ikkje er modent for realisering. Hydro og Lyse har gjennom heile prosessen vist manglande forståing for ansvar – både overfor naturen og lokalsamfunnet.

Vi krev at NVE:

1. **Behandlar revisjonen heilskapleg.**
2. **Sikrar tryggleik, naturverdiar og ser på lokale samfunnskonsekvensar.**
3. **Legg vekt på samfunnsnytte lokalt, ikkje berre nasjonalt.**
4. **Stoppar uverdig behandling av grunneigarar og lokalsamfunn.**

5. **Legg FN sine mål om naturrestaurering** til grunn for konsesjonsvurderinga.

10. Avslutning

Dette handlar ikkje berre om straum.

Dette handlar om vår natur, vår kultur, vårt lokalsamfunn – og framtida til borna våre.

Vi ber NVE ta innover seg at denne saka ikkje kan reduserast til ein teknisk konsesjonsprosess. Det handlar om traume, mistillit, fellesskap og **rettferd**. Og det krev eit heilt anna alvor og heilskap enn det vi har sett til no.

Vår felles arv, vårt livsgrunnlag, vår framtid ber ikkje preg av å bli hensyntatt av kraftproduksjonens overskudd. Overskuddet blir ikkje brukt til oppbyggjande tiltak eller restaurering av natur. Det tenker eg, at me alle såg som ein raud tråd igjennom heile befaringa.

Takk for at me fekk bli med på befaringa- det gjev eit visst håp om betring, at så mange aktørar stilte opp på befaringa.

Sylvia Rabbe

Vedlegg : bilder

Nokre bilder frå ein tur som ikkje vart nevnt på befaringa - som kjem til å forsvinne om planane blir godkjent. Den startar over isen på Votna og endar ved Lynghamrane (kraftstasjonen i Røldal)



Milepæle å være så god på ski at ein klarar turen Runt Nuten



Idrettslaget i Røldal plar trække løype Rundt nuten

PS. eg trur ikkje NVE skal ha dårlig samvittighet for å krevja noko frå regulanten:

“Kraftkjempen leverer tidenes største overskudd – slår markedet med nesten 30 prosent

Selv ikke under priskrisen tjente Lyse-konsernet så mye penger i første halvår som nå. Overskuddet etter skatt er det høyeste noensinne etter seks måneder.

Konsernsjef Rosalie Poen i Lyse la onsdag frem de beste regnskapstallene for første halvår i konsernets historie.

Ole Petter Pedersen

Publisert 27. august 2025, kl. 14.35”